

# **Visitasmelding 2025**

Bispevisitas i Luster

Veke 35



## Innhald

1. Program for visitasen.....	3
2.2 Organisatoriske endringar.....	4
3. Tilhøva i kommunen .....	4
4. Råd og tilsette .....	5
4.1 Sokneråd og fellesråd .....	5
4.2 Tilsette .....	7
4.2.1 Tilsette i Luster kyrkjelege fellesråd .....	7
4.2.2 Presteteneste .....	7
5. Det åndelege livet i kyrkjelyden .....	8
5.1 Generell vurdering .....	8
5.2 Det kyrkjelege arbeidet .....	8
5.2.1 Gudstenesteliv.....	8
5.2.2 Kyrkjelege handlingar .....	9
5.2.3 Trusopplæring.....	12
5.2.3.1 .....	13
5.2.4 Konfirmantarbeidet .....	14
5.2.5 Diakoni.....	15
5.2.6 Misjon .....	16
5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemد .....	17
5.2.8 Barne- og ungdomsarbeid.....	17
5.2.9 Vaksenarbeid .....	18
5.2.10 Gjevarteneste .....	18
5.2.11 Informasjonsarbeid .....	19
6. Kyrkje og kommune.....	20
6.1 Langtidsprogram 2025-2029.....	20
6.1.1 Økonomi og forvalting:.....	21
6.1.2 Kontordrift .....	21
6.2 Kyrkjer og gravplassar .....	22
7. Planar, strategiske vurderinger og mål .....	23
8. Sluttord.....	25

# 1. Program for visitasen

## **Måndag 25. august**

- 11.00 Morgenbøn, Dale kyrkje. Open for alle.
  - 11.30 Kort omvising i Dale kyrkje
  - 12.00 Lunsj. Biskopen møter staben ved stabsmøte, Dale prestegard
  - 13.45 Samtalar med prestar og andre lokalt kyrkjeleg tilsette.
  - 16.30 Middag. Pause.
  - 19.00 «Salmar, kaffi og kvelds» i Solvorn kyrkje. Kulturkveld, open for alle.
- Frå ca kl 20.00 «Salmar, kaffi og kvelds» held fram på Solvorn skule. Alle velkomne!

## **Tysdag 26. august**

- 09.00 Møte med kommunaleiinga.
- 11.00 Kyrkjebesøk Joranger kyrkje, saman med elevar frå Indre Hafslo
- 12.00 Lunsj på Kafe Kvild. Introduksjon til «Skavlekoppen»
- 13.00 Besøk hjå Luster ATS
- 14.00 Spørjetime 10. klasse Luster ungdomsskule
- 15.00 Møte med pedagogisk personale i kommunen, Luster ungd.skule
- 16.45 Middag. Pause.
- 18.30 Møte med soknerådsleiarane, Fjordstova
- 19.00 Samrådsmøte med sokneråd og kyrkjeleg tilsette, Fjordstova

## **Onsdag 27. august**

- 09.00 Møte med prestane i prostiet, Lyngmo ungdomssenter.
- 11.00 Nattverdsgudsteneste, Hafslo kyrkje. Alle velkomne!
- 12.00 Lunsj
- 13.00 Biskopen møter alle kyrkjeleg tilsette i Sogn prosti.

## **Søndag 31. august – 12. søndag i treeiningstida**

- 11.00 Visitasgudsteneste i Gaupne kyrkje. Alle velkomne!
- Ca 13.00 Kyrkjekaffi, Gaupne bedehus. Alle velkomne!
- Samkoma tek til med biskopen sitt visitasføredrag.

## 2. Kort historisk riss sidan førre visitas

### 2.1 Førre visitas 4.-7. november 2010

I 2010 visiterte biskop Halvor Nordhaug dei dåverande åtte sokna i Luster 4.-7. november 2010. Det vart i den samanheng lagt vekt på at ingen kommune elles i landet har så mange kyrkjer som Luster. Her er 12 kyrkjer, medrekna Urnes stavkyrkje og Gaupne gamle kyrkje som Fortidsminneforeninga har ansvar for. Biskopen var oppteken av at lustringane måtte verta meir innstilte på å gå på gudsteneste i nabokyrkjene. Dette hang også saman med at Luster nyleg hadde gått frå tre til to preste-stillingar, og alle måtte bu seg på ei anna fordeling av gudstenester mellom sokna. Biskopen løfta fram at kommunen med dei to stillingane har rimeleg god prestedekning, og at dei ikkje skulle mista den presteressursen dei no hadde. Spørsmål som sokneråda og dei tilsette vart bedt om å arbeida vidare med, var fordelinga av gudstenester og anna aktivitet sokna i mellom, samt ei oppmoding om fokus på fast givarteneste.

### 2.2 Organisatoriske endringar

Dei største organisatoriske endringane sidan oktober 2010, kan oppsummerast slik:

- Innfasing av trusopplæringa, oppretting av stilling som trusopplæringsleiar
- Endringar i soknestructuren. Det er i dag 7 sokn i Luster kommune:
  - Fortun
  - Dale
  - Nes
  - Gaupne
  - Jostedal
  - Fet og Joranger
  - Hafslø og Solvorn (slått saman ved førre soknerådsval).

I denne samanheng kan nemnast at fleire av sokneråda arbeider for tettare samarbeid og ein forenkla rådsstruktur.


## 3. Tilhøva i kommunen

Inst i Sognefjorden ligg Luster kommune, med omlag 5100 innbyggjarar. Kommunen er i areal ein av dei største kommunane i Sør-Noreg, der finst tre nasjonalparkar, verdsarven Urnes stavkyrkje og vakker natur med svært gode vilkår for eit rikhaldig friluftsliv alle årstider.

Næringslivet i kommunen er variert, frå tradisjonelt landbruk til moderne industriverksemder og stadig meir varierte servicebedrifter. Her er godt utbygde desentraliserte tilbod og levande bygder. Les meir om [Luster kommune](#).

Som nemnt har Luster ein rikhaldig flora av kyrkjebygg, dei sju sokna har totalt tolv kyrkjebygg, der to er i privat eige (fortidsminne). Dei mest særmerkte kyrkjebyggga er Urnes stavkyrkje og Dale kyrkje, som er ei steinkyrkje frå middelalderen.

Luster kommune består av fleire grender og tettstader; Gaupne er kommunesenteret. I kommunesenteret ligg Pyramiden kjøpesenter, legesenter og kommunehuset. 24 % av folkesetnaden i kommunen er busette i Gaupne. Hafslo er den nest største bygda i kommunen, med 21 % av innbyggjarane. I kommunen er det tre skular: Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule. I Solvorn, Indre Hafslo, Veitastrond, Jostedal, Luster og Skjolden er det oppvekstsenter. Luster har også tre omsorgssenter. Dei ligg på Hafslo, Gaupne og i Luster.



## 4. Råd og tilsette

### 4.1 Sokneråd og fellesråd

#### Luster kyrkjelege fellesråd 2023 – 2027

Janne Sønnesyn (leiar)	Andreas Wollnick Wiese (ordførar / kommunal representant)
Anne Britt Kilen	Arvid Heggestad
Jan Henry Tverberg	Oddny Urnes
Olaug Høyheim	Svein Thorstensen
Kjell Olav H. Nordheim (geistleg representant)	

**Fortun sokneråd 2023 – 2027**

Oddny Urnes (leiar)	Wenche Haraldseid Weka
Andreas Wollnick Wiese	Sigrun Hauge

**Dale sokneråd 2023 – 2027**

Jan Henry Tverberg (leiar)	Arve Lomheim
Arve Henning Bringe	Kari Ann Sunnarvik
Sigurd Mathias Ugulsvik-Aasen	Thomas Vigdal

**Nes sokneråd 2023 - 2027**

Berit Skjerdal (leiar)	Olaug Høyheim
Randi Kalstad	Svein Arne Næss
Trine Neset Skjerdal	

**Gaupne sokneråd 2023 – 2027**

Gudny Bukve (leiar)	Helga M. Kalhagen
Benedikthe Drevdal Tverberg	Magnar Kroken
Sigrun Sandvik Kalhagen	Svein Thorstensen
Edvard Leirdal	

**Jostedal sokneråd 2023 – 2027**

Else Marie Haugen (leiar)	Anne Britt Kilen
Merete Aasen	Nils Joar Ormberg
Ove Tuften	Vigdis Kreken
Anne Marte Snøtun	

**Fet og Joranger sokneråd 2023 – 2027**

Marianne Moseng (leiar)	Gro Anita Engen
Aud Lie	Janne Sønnesyn
Linda Cathrin Huseby	Sissel Olstad Morken
Kathrine Vikøren Myhre	

**Hafslo og Sølvorn sokneråd 2023 – 2027**

Jarle Rauboti (leiar)	Ester Tronstad Oklevik
Arvid Heggestad	Siri Liestøl Christensen
Thorild Tønnesen	Torgeir Torgersen
Johannes Nes	

## 4.2 Tilsette

### 4.2.1 Tilsette i Luster kyrkjelege fellesråd

Det er tett stabssamarbeid mellom sokna, fleire av stillingane dekkar heile kommunen.

Det er eit godt samarbeid innanfor trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk og gudstenestefeiring.

Kyrkjekontoret:

- Kyrkjeverje: Morten Rørstadbotten 100%
- Rådgjevar: Øygunn Elin Saur 60% | Reinholdar kontor: Øygunn Elin Saur 8%
- Diakon: Grethe Snekkevik Bondevik 100%
- Trusopplæringsleiar: Guri Høstaker Nordheim 70% |  
Ansvar nettsider, plakatar og sosiale media: Guri Høstaker Nordheim 10%
- Konfirmantansvarleg: Monica Ugulsvik-Aasen 30% (til 31.07.2025),  
50% frå 1.8 til 30.09.2025  
Kontormedarbeidar: Monica Ugulsvik- Aasen 20% (til 31.07.2025)
- Organist: Roland Johansson 80%
- Kyrkjemusikkar: Helene Bolstad 80% |  
Redaktør «Kyrkje og heimbygd»: Helene Bolstad 8%

Kyrkjer og uteområde:

- Kyrkjetenar: Kai Inge Cirotzki 72% (Hafslo og Solvorn)
- Kyrkjetenar: Kjell Magne Fuhr 65% (Fet/Joranger og Jostedal)
- Kyrkjetenar: Per Høyheim 85% (Gaupne og Nes)
- Kyrkjetenar: Tore Madsen 95% (Dale og Fortun)
- Klokkar: Marit Elvekrok 4,92% (Jostedal)

### 4.2.2 Presteteneste

Luster har to 100 % prestestillingar, det er tett samarbeid mellom stillingane.

- Sokneprest for Hafslo og Solvorn sokn og for Fet og Joranger sokn.  
Her er Bård Valle tilsett som sokneprest i 50%.  
Den vakante delen av stillinga har også vorte nytta i Luster, gjennom tenester frå prostiprest, vikartenester og tenestekjøp frå Luster kyrkjeleg fellesråd (t.d. konfirmantansvarleg).
- Sokneprest for Gaupne, Jostedal, Dale, Fortun og Nes:
  - Geir Paulsen var tilsett i denne stillinga fram til han tok over som prost etter Kjetil Netland i 2019. Paulsen heldt fram som fungerande sokneprest. Stillinga vart lyst ut fleire gonger.

- Kjell Olav Høstaker Nordheim tok til i stillinga juni 2023, men heldt til dags dato fram som fungerande sokneprest då han vart prost etter Geir Paulsen i august same år.
- Etter dette har stillinga vore lyst ut fleire gonger, og rekrutteringsprosess pågår no parallelt med visitasen.
- Frå våren 2024: Midlertidig vikarprest, Geir Paulsen., f.t. 1.8 – 30.10.25, 60 %.

## 5. Det åndelegelivet i kyrkjelyden

### 5.1 Generell vurdering

Sokna har djupe røter og tradisjonar, samstundes som verksemda er folkekyrkjeleg i form og uttrykk. For kyrkja i Luster står trusopplæring og gudstenestearbeid sentralt. Konfirmantarbeidet og somme av trusopplæringstiltaka har stor oppslutnad i sokna. Det er lange tradisjonar for samarbeid med skular og barnehagar. I kommunen ligg Lyngmo ungdomssenter, med leirstad og møtelokale for arrangement av ulikt slag. Lyngmo er viktig for heile regionen. Misjons- og lekmannsarbeidet har stått sterkt i Luster, med fleire aktive bedehus. Fleire av desse lokala vert nytta også av kyrkja i Luster til diakonale tiltak, konfirmasjonsundervisning og trusopplæring. Det nyleg utvida og opp-pussa Gaupne bedehus står her i ei særstilling, der er også faste møter om lag annankvar søndag i regi av Luster familimøte, ei lokal forsamling registrert i Norsk Lutherisk Misjonssamband.

### 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

#### 5.2.1 Gudstenesteliv

Dei fleste kyrkjene i Luster har gudsteneste ein gong kvar månad; Gaupne, Hafslo noko oftare (t.d. fellesgudstenester) som dei to sokna der nesten halvparten av medlemmene er busette. Ein bør sjå på ein ny fordeling av gudstenester mellom sokna, med sikte på å styrke gudsteneste-livet i dei mest folkerike sokna. Det vil vere naturleg at dette vert eitt av fokusområda under visitas i august 2025.

Gudstenestedeltakinga i dei ulike sokna speglar i nokon grad folkesetnaden i dei ulike bygdelaga.

Gudstenester Sokna i Luster 2024 - detaljar

	Delt. søndags gudst.	Delt. andre gudst.	Delt. gudst. tot.	Søndagsgudst.	Andre gudst.	Delt. Julekveld	Julekv. gudst.	Gudst. tot.	Gj. snitt. Alle	Gj. snitt. s. ønd. guds
Fortun sokn	499	81	580	10	1	97	1	11	53	50
Dale sokn	750	173	923	13	3	0	0	16	58	58
Nes sokn	466	0	466	10	0	102	1	10	47	47
Gaupne sokn	1350	262	1612	18	2	142	1	20	81	75
Jostedal sokn	268	117	385	7	3	49	1	10	39	38
Fet & Joranger sokn	307	139	446	8	2	64	1	10	45	38
Hafslo og Solvorn sokn	1875	510	2385	29	3	386	3	32	75	65
<b>SUM</b>	5515	1282	6797	95	14	840	8	109	62,36	58,05
2024	5515	1282	6797	95	14	840	8	109	62	58
2023	5083	1542	6625	97	20	583	7	117	57	52
Differanse	432	-260	172	-2	-6	257	7	-8	5	6

## Overordna statistikk for åra 2020-2024:

Kyrkjelege handlingar samla for alle sju sokna i Luster kommune.	2020	2021	2022	2023	2024
Kirkelige vigsler utført (antall)	14	8	26	17	19
Kirkelige gravfærder utført (antall)	54	40	41	47	54
Kirkelige handlingar i alt (antall)	184	130	167	167	160
Guds tjenester totalt (antall)	117	102	118	117	109
Guds tjenester son- og helgidager (antall)	84	74	90	97	95
Guds tjenester ute nom son- og helligdager (antall)	33	28	28	20	14
Guds tjenester med nattverd (antall)	28	22	30	26	28
Guds tjenester for barnehage barn (antall)	1	0	1	0	0
Guds tjenester for skolebarn (antall)	6	3	6	6	9
Julaftens gudstjenester (antall)	4	6	7	7	8
Guds tjenester i påsken (antall)	4	2	9	6	6
Andakter på institusjon eller aldershjem (antall)	170	66	66	69	66
Antall kor for barn og unge (antall)	0	0	0	1	0
Konsakter og kulturarrangementer i regi av menigheten (antall)	1	2	2	0	6
Konsakter og kulturarrangement i regi av andre enn menigheten (anta	0	0	1	1	4
Kirkeofringer, totalt (kr)	104821	192333	234949	284287	355921
Offer/kollekt (kr)	104821	128490	209802	238845	260910
Give rtjeneste (kr)	0	0	0	0	5000
Andre innsamlinger (kr)	0	63843	25147	45442	90011

Kilde: 11963: Kirkelige tjenester, etter statistikkvariabel, region og år

## Deltakarar på gudstenester totalt for alle sju sokna i Luster kommune

	Deltakere, gudstjenester totalt (antall)				
	2020	2021	2022	2023	2024
4644 Luster	3949	3889	7062	6625	6782

Kilde: 12026: Kirkelige brukere, etter region, statistikkvariabel og år

## 5.2.2 Kyrkjelege handlingar

### NATTVERD

Når det gjeld nattverd, syner tala ein synkande tendens over tid dei siste fem åra før pandemien. I 2024 er ein enno ikkje tilbake på omtrent same grad av nattverdsgudstenester og deltaking som i 2020. Tala til venstre er for 2024.



For mange har det vorte enklare å søke til nattverden når brød og vin vert delt ståande i midtgangen. Dette er i dag den vanlegaste ordninga i sokna, men ein nyttar stort sett knefall på høgtidsdagar.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal nattverds-gudst.	54	29	67	45	45	28	22	30	26	28
Nattverdsgjester	746	629	1052	759	667	456	418	347	307	469
Gjennomsnitt (runda av)	14	21	16	16	15	16	19	12	12	17

Nattverdsgudstenester på omsorgssentera er ikkje med i statistikken ovanfor, men er truleg blitt rekna med for året 2017.

## DÅP



I sokna er det god oppslutnad om dåp, og ein del søker mot Luster og røtene der i høve dåpen. Alle er velkomne til dåp, det fører med seg at for kommunen isolert sett syner ikkje tilhøvet mellom tal dåp og tal fødde målgruppa heile bildet.

Vi kan likevel seie at dåpen framleis er ei høgtid som står sterkt i lokalsamfunnet, og som tala syner er det mange born som vert døypte. Dåp på laurdag er etterspurt, og i pandemi-tida såg ein at dette var ei god løysing. Spørsmålet om eigne gudstenester med dåp på laurdagar bør sjåast i samanheng med ny gudstenesteforordning.

At døypte i målgruppa nokre år er høgare en antal fødde og antal dåpshandlingar, syner truleg til at det i ein skilde sokn er tilflytting av barnefamiliar. Dette gjeld i så fall i særleg grad Hafslo, som ligg nærmast regionssenteret Sogndal.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Døypte i målgruppa							35	41	44	39
Tal fødde		23	46	33	26	38	34	37	39	41
Dåpshandlingar	34	29	31	52	31	37	31	32	39	52

Tala frå 2023 (venstre) og 2024 (høgre) kan få kaste lys over antal dåpshandlingar som andel av antall fødde per sokn:



I samband med dåp har vi samtale med foreldre, og deler ut boka «Arvegull» til førstegongsforeldre. I samband med dåpshandlinga får dåpsbarnet lys og dåpsklut, i nokre av sokna med brodert namn på. Gaupne sokn deler også ut lysestake.

Invitasjon til dåp står fast som artikkel på nettsida vår. I dåpssamtalen oppmodar ein dåpsforeldre om å gjere tilbodet om dåp kjend for andre som får born. Det vert elles invitert til Baby-song mellom anna ved plakat på helsestasjonen. Slike samlingar kan også fungere som innfallsport til å ynskje dåp.

## KONFIRMASJON

Som ved dåpen står tradisjonen med konfirmasjon sterkt i dei fleste sokna. Dei aller fleste døypte i målgruppa vert konfirmerte. Ei vidare satsing på godt konfirmant-arbeid er derfor sentralt.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Konfirmerte	57	61	46	51	55	48
Tal 15-årige medlemmer	42	36	34	38	45	50
Tal 15-åringar	54	41	42	49	55	63

Talgrunnlaget for tabellen ovanfor er ikkje fullstendig, og må kommenteras:

- Tal konfirmerte er reelle tal, og syner til hendingar som har funne stad.
- Dei to neste radene er truleg påverka av sokne-samanslåing, og derfor er både tal medlemmer og tal 15-åringar (målgruppa) ikkje rett. Sjå elles avsnitt «5.2.3.2 Konfirmasjon».

Tala for den prosentvise oppslutnaden er derfor noko usikker. Talet er også påverka av at det t.d. kan vere to konfirmantar i eit sokn, og ein av dei konfirmerer seg. Dette har lite å seie for kommunen under eitt, men påverkar prosenten for oppslutnaden i soknet sterkt. Ei gjennomsnittsrekning for dei siste to åra gir eit bilde av situasjonen slik vi også vurderer den gjennom praktisk kjennskap til livet i bygdene:

- I 2023 vart 86 % av dei 15-årige medlemmane konfirmerte.
- I 2024 vart 84 % av dei 15-årige medlemmane konfirmerte.

## VIGSEL

Vigselstalet i Luster er høgt i høve til innbyggartalet. Dette er ein tendens som har vore over tid. Vigselstalet har stige att etter pandemien, og dei siste par åra har omtrent ein tredjedel av vigslene i prostiet funne stad i Luster. Til dette bildet hører det med at

Luster har ein god del vigsler av tilreisande par frå andre delar av landet. Tilstrekkeleg preste-teneste til dette vert løyst ved at alle prestane i prostiet tek på seg minst ei vigsle i Luster kvar sesong. Gitt det høge vigselstalet har Luster til no ikkje arrangert drop-in vigsle eller liknande tiltak, men ynskjer å prøve det 14. februar 2026.

Alle brudepar får ein bibel i gáve frå kyrkjelyden.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Vigde	22	16	18	14	13	14	8	26	17	19
Deltakarar	1596	1260	1223	881	775	425	300	1822	1051	816

## GRAVFERD

Dei aller fleste gravferder skjer i kyrkjeleg regi, denne kyrkjelege skikken står sterkt i Luster som i prostiet elles. Det er ein tendens at fleire enn før pandemien vel stille gravferder. Det er elles liten etterspurnad etter båreandaktar, men dette vert prioritert dei gongene pårørande ynskjer det.

Vi opplever elles at kyrkje, diakon- og presteteneste vert etterspurd og rekna med i lokalsamfunnet. Dette merkast ikkje berre ved dødsfall knytt til livets gang, men også ved kriser og ulukker. Sokneprest Hafslo og diakon deltek begge i kommunen sitt psykososiale kriseteam.

*Gravferder for dei som bur i sokna i Luster, forretta i kyrkjene i Luster:*

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	<b>Snitt pr år</b>
Gravlagde	43	46	50	47	51	38	40	47	55	<b>42</b>

Samarbeidet med gravferdsbyrået er godt, og vi ser at dei yter tenester som vert verdsette av dei pårørande. Alle som er pårørande ved gravferd sidan sist Helgemesse, vert invitert til minnegudsteneste anten i Dale, Hafslo eller Gaupne kyrkje.

### 5.2.3 Trusopplæring

Dei lokale trusopplæringsplanane for sokna i Luster vart godkjent i 2013. I åra som har gått har det vore fleire personar i stillinga som trusopplæringsleiar. Behovet for å revidere noverande plan er stort, då fleire av tiltaka pr i dag står som passive og er noko utdaterte. I skrivande stund (2025) arbeider vi difor med å lage nye lokale planar for sokna, etter dei nye nasjonale føringane vi har fått gjennom overordna del i "Plan for

kyrkjeleg undervisning og læring". I dette lokale planarbeidet spelar trusopplæringsutvalet ein sentral rolle, der det sit ein representant for kvart av dei 7 sokna. Det er ein styrke å ha med representantar som kjenner sokna sine godt. Dette er også ei god støtte for trusopplæringsleiar som ikkje bur i Luster.

I den nye planen vil det naturleg nok bli vidareført ein del tiltak som er godt innarbeidde gjennom mange år. Utdelingar av kyrkjebøker til 4 -og 6åringar er gode dømer på dette. Like eins fortset vi med utdelingar av Teikneserie-Bibel til 10åringar og babysong for 0-1åringar. Babysong-samlingane har vi i flotte lokale i Gaupne bedehus. Det er kyrkjemusikar på trekkspelet og tol-leiar som har ansvaret for samlingane.

Med tanke på at Plan for kyrkjeleg undervisning og læring i større grad enn i tidlegare opnar opp for å bruke kyrkja sine ressursar i eksisterande kontinuerleg arbeid, synes vi det er viktig å bidra inn mot barne- og ungdomsarbeid som allereie vert drive av andre organisasjoner i Luster.

I tillegg til dette, har vi også blikket på nye tiltak. Døme på dette er at kyrkja og Gaupne bedehus, i februar 2025 ,starta opp Småtrolltrall for alle 1-4åringar i Luster. Her var det drivande krefter ved Gaupne bedehus som hadde visjonar om å nå ut til barn og unge i bygda, og som stilte hus og andre ressursar til disposisjon for å starte opp noko nytt. Resultatet vart altså Småtrolltrall, eit tiltak med som no er godt i gang og som er blitt teken godt imot av småbarnsforeldre.

Som del av den nye planen vår arbeider vi også med å innføre dåpsduer til dåpsborn, samt utarbeide ei gudsteneste der utdeling av dåpsduene skjer, om lag eitt år etter dåpen. Heilt sidan den fyrste lokale planen vart godkjent i 2013, har ein sendt ut dåpshelsingar med gåver til 1,2,3 års dåpsdagar. Men no meiner vi at tida er inne for å gjøre dette tiltaket meir aktivt, gjennom at barn og føresette vert inviterte og tek del i samlingar i kyrkjene. I tillegg vurderer vi om vi også skal tilby slike samlingar for dei som har to- og tre-års dåpsdag, for å oppretthalde den lange tradisjonen for markeringar av dåpsdagar. Men dette er enno for tidleg å sei.

#### *5.2.3.1 Samarbeid mellom kyrkja og barnehage/skule*

##### Adventssamlingar:

Det er mykje godt samarbeid mellom kyrkja i Luster og skular/barnehagar i Luster kommune. Til dømes har kyrkja i fleire år hatt adventssamlingar for barnehagar som ynskjer dette. Det gjer dei aller fleste! Desse samlingane har i hovudsak funne stad i barnehagane, men nokre også i kyrkjer og kapell. I to av oppvekstsentera er skule-elevar også med på adventssamling i kyrkja. I tillegg har sokneprest og kantor i fleire år hatt ei adventssamling for 1.-4. klasse ved Hafslo barne- og ungdomsskule. Til saman har vi dei siste åra hatt ca 12 adventssamlingar årleg. Ein stor del av kyrje-staben i Luster er involverte i desse samlingane, noko som er svært gledeleg og kjekt!

### Skulegudstenester før jul

Dei lange tradisjonane for samarbeid med barnehage og skule syner også att i skulegudstenester i tida før jul. Luster oppvekstsenter (Dale kyrkje), Skjolden oppvekstsenter (Fortun kyrkje), Hafslo skule (Hafslo kyrkje), samt Gaupne skule og Luster ungdomsskule (begge Gaupne kyrkje) har skulegudstenester med elevmedverknad. I samarbeidet med Indre Hafslo oppvekstsenter har ein tradisjon for kyrkjebesøk same tid på året.

### Påskesamlingar

Det har vore tradisjon for nokre barnehagane å kome til påskesamlingar i kyrkja. Samlingane har hatt litt ulikt innhald, alt etter “bestilling” frå barnehagane.

I 2025 bestemte vi oss for å gje alle barnehagane som ynskte det, eit tilbod om påskesamling i kyrkja, for dei eldste årskulla. Fokuset var å lære om dei sentrale elementa i kyrkja, syngje vårsongar, lære påskeforteljinga frå Bibelen, samt noko av historia til den lokale kyrkja. Dette vart teke godt i mot hjå barnehagane! Det er trusopplæringsleiar og kyrkjemusikar på trekkspelet som gjennomfører desse samlingane.

Men vi inviterer ikkje barnehagen ved Jostedal oppvekstsenter til påskesamling- for dei inviterer oss! Kvart år har oppvekstsenteret si eiga påskesamling i Jostedal kyrkje. I denne samlinga vert nokre av kyrkja sine tilsette kvart år inviterte til å vere med, gjerne ha undervisning om eit tema, samt svare på ulike spørsmål frå borna. Ei svært hyggjeleg samling!

Medrekna denne samlinga gjennomførte vi i alt 11 samlingar før påska i 2025.

Nokre gonger tek skulane kontakt der dei ynskjer undervisning om kyrkjene – i kyrkja. For 10.klasse ved Gaupne Ungdomsskule er dette ein årvisst tradisjon, der dei kvart år legg turen til Luster for å lære om Dale kyrkje.

I tråd med Plan for kyrkjeleg undervisning og læring, vil vi gjerne ha meir samarbeid med skulane, anten dei vil besøke -og lære om dei lokale kyrkjene, eller ynskjer samarbeid om andre tema som dei er opptekne av på skulen. Slike kontaktpunkt håpar vi på å få fleire av gjennom skuleåret.

### **5.2.4 Konfirmantarbeidet**

I Luster er det god oppslutning kring kyrkjeleg konfirmasjon, rundt 85 % av årskullet med 14/15-årige medlemmer i kommunen vel å konfirmere seg i kyrkja. Arbeidet har dei siste tre åra vorte organisert og leia av konfirmantansvarleg og gjennomført saman med kyrkjemusikar, trusopplærar, diakon og prest. Kommunen har to ungdomsskular, og

konfirmantane har vore delt etter kva ungdomsskule dei høyrer til, særleg med tanke på undervisnings- og temasamlingar.

Eitt konfirmantår i Luster ser slik ut:

- Undervisnings- og temasamlingar på avspaseringsdagar á 3 timer, eller ettermiddagssamlingar á 2 timer.
- Presentasjonsgudstenester, Lysmesser, leirgudsteneste, samtalegudsteneste med etterfølgjande konfirmasjonsfest og konfirmasjonsfest
- 5 frivillige gudstenester, der ein er medhjelpar i si soknekyrkje med ulike oppgåver i 2 eller 3 av desse (alt etter antal konfirmantar som høyrer til i dei ulike sokna og antal gudstenester der).
- Leirhelg i Jostedal. Dei siste åra har me overnatta og hatt samling på Jostedal hotell, med nydeleg mat og fine omgivelsar. Leirhelga har vore litt ulik frå år til år, alt etter størrelsen på konfirmantgruppa og antal medarbeidrarar. Frå og med 25/26 ser vi på ein anna modell for å gjennomføre leir, då slikt er kostbart å gjennomføre økonomisk og ressursmessig. For eksempel ein «bu-heime leir» eller aktivitetslaurdag med gudstenesteverkstad og gudsteneste på søndag.

## 5.2.5 Diakoni

På midten av 90-talet fekk Luster diakonistilling, og sidan har stillinga vore besett. Alle sokneråd bortsett frå Jostedal har eigne diakoniutval. Hafslo og Solvorn sokneråd har to fungerande utval. Det vil seie at vi har sju diakoniutval i kommunen. Felles for alle utvala er jubilanthelsingar. Dette skjer ved besøk og levering av ei helsing, anten ei bok eller ei blome. Elles har dei ulike utvala forskjellige aktivitetar rundt om i bygdene.

**Fortun sokn:** Reiser rundt med besøk til jubilanter. Det har òg vore tradisjon for at diakoniutvalet har besøkt eldresenteret to gonger i halvåret. Der har dei hatt med kake og litt underhaldning til dei som bur på eldresenteret.

**Dale:** Har diakoniutval, besøker jubilanter. På same måte som Fortun har det òg vore tradisjon for at diakoniutvalet har besøkt eldresenteret to gonger i halvåret. Der har dei hatt med kake og litt underhaldning til dei som bur på eldresenteret.

**Nes:** Diakoniutvalet arrangerer formiddagstreff ein gong i månaden heile året bortsett frå juli og august. Då arrangerer dei kyrkjegardskaffi på kyrkjebakken kvar torsdag. Dei har òg besøk til jubilanter og ein gong i året lagar dei kyrkjemiddag til kyrkjelyden.

**Gaupne:** Besøk til jubilanter.

**Jostedal:** Har ikkje eige utval.

**Fet & Joranger:** Besøk til jubilanter. Har òg lenge arrangert «Varmestova», eit formiddagstreff kvar torsdag eit par månader i året haust og vår. Har òg nyleg oppretta eit nytt formiddagstreff på måndagar. Målet er å få med seg fleire og gjerne nokre menn.

**Hafslo & Solvorn sokn:** Her er det framleis to utval, etter at Hafslo og Solvorn sokn vart slegne saman. Dei har besøk til jubilanter, og er med på å arrangere formiddagstreffet «kaffikroken» saman med bedehusstyret og Røde Kors.

### Kafe Kvild

Kafe Kvild blei starta opp i 2024 som ein ideell organisasjon. Kafe Kvild driv kafédrift på Pyramiden kjøpesenter og har ope onsdag til laurdag. Visjonen til Kvild er å skape ein sosial møteplass som skal fremje likeverd og inkludering. Eit viktig mål er å førebyggje einsemd og skape ein arena for å bli kjent med nye. Diakonen er dagleg leiar på Kafe Kvild. Det er mange frivillige som deltek i arbeidet med å drive kafeen. Gode samtalar, strikkekveldar og andre aktivitetar finn stad på kafeen.

### Diakonstillinga

Diakonen bidreg i arbeidet der det er behov i dei ulike utvala. I tillegg er diakonen med i kommunen sitt psykososiale kriseteam og deltek i prosjektet «Juleglede» saman med kommunen og ulike organisasjonar. Diakonen er vidare dagleg leiar for Kafe Kvild, forrettar ved enkelte gravferder, og har hovudansvar for å tilrettelege markeringane rundt Helgemesse.

### Frivillige

Kyrkja i Luster har få frivillige, men sokneråda tek på seg mykje oppgåver i sokna sine, dei har også eigne utval i diakoni og trusopplæring. På Kafé Kvild er om lag 15 personar i frivillig teneste. I konfirmantarbeidet har me engasjert foreldre til ulike oppgåver, som til dømes nattevakt på leir.

## 5.2.6 Misjon

Det er aktive misjonsforeiningar knytt til Norsk misjonsselskap i kommunen. Tre av sokna har misjonsavtale:

- Dale sokn: Den norske Israelsmisjon
- Gaupne sokn: Det norske misjonsselskap (Fokus: Mali)
- Jostedal sokn: Det norske misjonsselskap (Fokus: Mali)

## 5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemd

Luster har to musikarar i kvar sin 80 % stilling:

*Organist Roland Johansson, og kyrkjemusikar på trekkspelet, Helene Myklemyr Bolstad.*

Denne kombinasjonen av musikarar er med på å «alminneleggjere» det musikalske uttrykket i kyrkja, eller gjere det meir folkemusikalsk, om ein vil. I bygdene våre har trekkspellet vore meir i allmen bruk, og hatt ein større tradisjon enn klassisk orgelmusikk, og ved å ta instrumentet inn i kyrkjerommet, får musikken eit meir gjenkjennbart og «folkeleg» preg. Spesielt i dei mindre kyrkjene fungerer det akustiske trekkspellet veldig godt, likeså ved arrangement på omsorgssentra. Begge musikarane har heile kommunen som arbeidsfelt, og på den måten vert orgel jamnleg brukt og vedlikehalde i alle kyrkjene.

Roland Johansson er utdanna organist i Sverige. Han flytta til Luster i 2012 og starta då i eit vikariat. Han fekk fast stilling i 2015.

Helene Myklemyr Bolstad har bakgrunn frå folkemusikkmiljøet, og har ein bachelor i utøvande tradisjonsmusikk frå Ole Bull Akademiet, Voss, og har vore tilsett sidan 2015. I starten var det nok ein del skepsis til trekkspelmusikk i kyrkja, men etterkvar har instrumentet vorte meir og meir familiært og godteke hos kyrkjelyden, og i enkelte tilfelle også ynskt, særleg i gravferder, både i og utanfor kommunen. Helene er også med og akkompagnerer på Babysong, og er med ved behov i konfirmantundervisninga.

Musikarane er medverkande og akkompagnerer ved andaktene, men har også eigne songstunder på omsorgssentra. Dette set dei eldre stor pris på.

Musikarane har kvar for seg hatt konsertar i kyrkja i lag med andre utøvarar, noko som og har vore godt motteke. Konsertar med kun klassisk repertoar er jamnt over mindre besøkt i Luster.

I høve gravferder har musikarane ei turnusordning. Kyrkjevestra fordeler oppgåvene slik at dei er sett opp som musikarar annakvar sin gong.

Organisten er fast medlem og akkompagnatør i koret «Sprø Songgleder», som er medverkande både ved arrangement kyrkja og elles. Dessutan er Hafslø songlag og ein aktiv bidragsytar spesielt i høgtidsgudstenester i heimbygda. Johansson er fast medlem der.

Luster har ikkje eige kyrkjekor, men med dei avstandane som er i kommunen, tilfredsstiller dei eksisterande kora behovet som finst for korsong.

## 5.2.8 Barne- og ungdomsarbeid

I tillegg til samarbeidet som trusopplæringsleiar har med Gaupne bedehus om Småtrolltrall, vert det drive mykje anna barne- og ungdomsarbeid i Luster kommune.

Ein viktig stad er Lyngmo ungdomssenter, eigd og drive i fellesskap av Indremisjons forbundet og Norsk Lutherisk Misjonssamband. Noko av deira aktivitet er retta mot lokalmiljøet, slik som trilletreff og knøttekor. Det som særmerker Lyngmo, er eit stort leifarbeid som famnar heile regionen. I Nes sokn vert det drive Yngres av frivillige. I Fet og Joranger sokn er barnelag på Lambhaug. På Gaupne bedehus er det fast ungdomsklubb, «KUL». Dette står for Kristen Ungdom Luster, er ein mykje nytta møteplass, og samlar fleire titals ungdomar på fredagskveldane som er klubb-kveld.

## 5.2.9 Vaksenarbeid

Når det gjeld kyrkjeleg arbeid for vaksne, kjem dette fram under avsnitta om gudstenester, diakoni og kyrkjemusikalsk arbeid. I tillegg bør nevnast dei kombinerte salmekveldane / lokale julekonsertane som vert arrangert i nokre av sokna.

## 5.2.10 Gjevarteneste

Det er ikkje fast gjevarteneste i kyrkjelyden utover takkoffer i kyrkjene og den årlege fasteaksjonen. Tala fortel likevel at gjevargleda er høvesvis stor i sokna. Det er likevel eit viktig spørsmål om ikkje fast gjevarteneste kunne vore med og styrke det kyrkjelege arbeidet på fleire felt.

I alle kyrkjene kan ein gi via Vipps eller kontant. Det vert teke opp takkoffer på dei fleste gudstenester gjennom året.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Innsamla beløp v/ takkoffer	246145	217743	244302	104821	128490	209802	238845	260910
Andre innsamlingar og gåver	8200	7200	-	-	63843	25147	45422	95011
Totalt innsamla	254345	224943	244302	104821	192333	234949	284287	355921
Til eige arbeid	54036	61779	39059	12182	110647	57082	75205	121599
Til andre	200309	163164	205243	92369	81686	177867	209082	234322
Kollekt pr deltagar på gudstenester	30,30	27	35,25	37,25	45	40,50	47	47,50



## SKJERMDUMPAR FRÅ FASTEAKSJONEN.NO:

### Luster

Bøssebærerne i Luster har i 2025 samlet inn **116.639 kroner**. Dette betyr at Luster har gitt rent vann til **389 personer**.

Sammenliknet med andre kommuner er Luster på 80. plass når det gjelder totalt innsamlet beløp og på 35. plass når det gjelder gjennomsnitt pr innbygger.

#### Viktig informasjon

Kommunens innsamlede totalbeløp er et resultat av hva kommunen har samlet inn både fysisk og digitalt, men også gaver til fasteaksjonen som er registrert sentralt fra privatpersoner og næringsliv med postnummer i kommunen.

↗  
**12,77%**

økning i totalt innsamlet beløp sammenliknet med fjoråret for Luster.

### 5.2.11 Informasjonsarbeid

Kyrkja informerer breitt gjennom ulike kanalar. Det skjer gjennom tradisjonelle kanalar som utsending av brev og trykksaker i posten, gudstenesteliste i Sogn Avis, og annonsering i andre tidsskrift. Kyrkja har eigne nettsider og ein aktiv Facebook-profil. Ein har også teke i bruk skjerikyrkja.no, og kobla denne saman med eigne heimesider. Dette har gitt heimesidene eit løft.

Det vert i tillegg distribuert og hengt opp plakatar.

Det er eit helst aktivt informasjonsarbeid på Facebook, der det vert lagt ut ulike type informasjon etter kva informasjon som gjeld. Her svarar ein også på spørsmål som kjem inn via denne kontaktflata (Messenger).

Fellesrådet nyttar 8 % stillingsressurs til redaktør-jobben for kyrkjelydsbladet «Kyrkje og heimbygd». Bladet kjem ut fire gonger i året, og vert distribuert til alle husstandar i kommunen, samt til omsorgssentera.

Fellesrådet vedtok ei satsing på informasjonsarbeid då dei i 2024 oppretta ei 10 % stilling øyremarka desse oppgåvene:

1. Plakatar om gudstenester og andre arrangement i kyrkja.
2. Kungjering av gudstenester i Sogn Avis
3. Ansvarleg for nettsider og Facebook-profil.

## 6. Kyrkje og kommune

### 6.1 Langtidsprogram 2025-2029

Økonomiplan for 2025– 2029 er sett opp i samsvar med budsjett frå Luster kommune. Ut frå økonomien til Luster kyrkjeleg fellesråd er det punkt på økonomiplanen som må settast på vent og korleis økonomien blir til å ta større investeringar i åra som kjem veit ein ikkje.

#### *Økonomiplan 2025 – 2029, Luster kyrkjelege fellesråd*

2025	2026	2027	2028	2029
Fjerne måling inne i Fortun Kyrkje 500 000,-		Måling av Joranger Kyrkje 1 000 000,-		
Nytt lydanlegg i Dale og Hafslo 120 000,-	Oppstart prosjekt utviding av gravplassen ved Hafslo Kyrkje. Søke kommunen om ekstramidlar til forprosjektet, på 500 000,-	Sjekke og reparasjon av koparplater, pluss måling av Fortun kyrkje 1 500 000,-	Måling av reiskapshusa på Fet, Jostedal, Gaupne, Dale, Fortun, Joranger, Nes	Innvendig måling i Fortun kyrkje (1 mill)
Ta att vegen inn til Fet Kyrkje. 50 000,-			Oppstart utviding av gravplassen ved Hafslo Kyrkje Ca 7 000 000,-	
Varmepumpe i Hafslo Kyrkje 300 000,-			Opprettig av mur langs riksvegen mot kyrkja på Hafslo 400 000	

Det står framleis mange tiltak på vent som har kome fram under synfaringar og diverse tilstandsrapportar av nyare dato, mellom anna treng kyrkjene brannsikring som sprinkelanlegg eller liknande. Ingen av dei har dette pr i dag.

Utviding av gravplassen på Hafslo blir eit stort prosjekt for Luster Kyrkjeleg Fellesråd. Utvidinga vil føresetja betydelege bevilgningar frå Luster kommune om ein skal få realisert den. Pr januar 2025 er det at ca 112 enkle graver ved Hafslo Kyrkjegard. Ein må vurdere om ein skal lage til ein minnelund i samband med utvidinga.

### 6.1.1 Økonomi og forvalting:

Luster Kyrkjelege Fellesråd baserer si drift på tilskot frå Luster kommune og tilskot frå Bjørgvin bispedømme. Frå Bjørgvin får me tilskot for Diakon og Trusopplæring. Økonomien til Luster Kyrkjeleg Fellesråd både er og har vore til å leve med. For budsjett åra 2023 og 2024 har ein ikkje fått kompensert for pris og lønsvekst. Dette har ført til at større vedlikehald ikkje har funne plass i det ordinære budsjettet desse åra.

Sidan 2019 har ein fått bevilga 1 000 000,- til ekstra investeringar, desse midlane har gått til større vedlikehald av kyrkjene våre. Her har Fellesrådet prioritert å måle opp att mange av kyrkjene. Det har også blitt reist nytt og tenleg kyrkjegardshus på Hafslo, kostnad omlag 3 millionar. Dette vart finansiert gjennom ekstra tilskot frå kommunen og bruk av oppsparte midlar hjå Luster Kyrkjeleg Fellesråd. Ein har også bygt om bårehuset i Gaupne. I tillegg fekk Dale kyrkje også eit løft; der fekk ein midlar hjå Riksantikvaren og ekstra vedlikehaldsmidlar hjå Luster kommune. Totalt kosta renoveringa av Dale kyrkje omlag 5,5 mill.

Budsjettår:	Rammetilskudd:	Investeringsmidlar:
2017	6 135 000	0
2018	6 138 000	0
2019	6 313 304	1 000 000
2020	6 300 000	1 000 000
2021	6 428 000	1 000 000
2022	6 594 900	1 000 000
2023	6 887 800	1 000 000
2024	7 074 356	1 000 000
2025	7 211 251	1 000 000

For å kunne halde fram med å drifte kyrkjer og kyrkjegardar på same vis som i dag, ser ein at ein er avhengig av auke i dei økonomiske rammene. Kyrkjeleg fellesråd sine disopsisjonsfond og reserver er forbrukt i samband med dei seinare åra sine investeringar.

### 6.1.2 Kontordrift

Kyrkjekontoret i Luster ligg sentralt i Gaupne sentrum, kontoret ligg i kjøpesenteret Pyramiden. Me har store og gode kontor i andre etasje med åtkomst med heis. Då det ikkje er mange nok heile stillingar til å halde ope kvar dag, har ein faste opningstider mandag og tysdag 10.00 – 14.00. Dei andre dagane i veka har kontoret ope for publikum etter avtale og dersom tilsette er til stades. Det er alltid nokon som svarar på telefon og e-post.

## 6.2 Kyrkjer og gravplassar

Kyrkjegard	Ledige (enkel grav)	Antall
Gaupne Nye	262	501
Gaupne Gamle	16 (kunne reservert og Urne)	262
Jostedal	177	904
Nes	27	279
Dale	162	927
Fortun	182	957
Ornes	62	208
Solvorn	91	430
Hafslo	112	1088
Veitastrond	67	281
Fet	286	774
Joranger	29	248
Solvorn Gamle	162 (ikkje i bruk, evt Urne)	204
Totalt	1635	7523

For Luster kyrkjelege fellesråd

Janne Sønnesyn, fellesrådsleiar

Morten Rørstadbotten, kyrkjeverje

## 7. Planar, strategiske vurderingar og mål

**KVAR ER VI?**

**KVAR VIL VI?**

**KORLEIS KJEM VI OSS DIT?**

Visitasmeldinga så langt har skildra sokna i Luster sin situasjon. Under ein strategisamtale (fellesmøte mellom sokneråda 29. januar 2025) kom også desse momenta fram i samtaLEN:

- Eit kjenneteikn for Luster er at ein er mange eininger, og dei fleste er små. Dette er ein styrke når det gjeld nærelik og tilhøyrslle, men det fører også med seg nokre utfordringar. Ein er ikkje så mange på kvar plass, og dei fleste kjenner seg mest knytt til si kyrkje og sitt sokn. Det skal likevel seiast at kor tett den einskilde kjenner seg knytt til «sin plass», der får ein ulikt svar, alt etter kven ein spør. Det er også ein heil del i kyrkjelydane som er oppteken av det litt større fellesskapet og at ein må samarbeide for å få til satstingar. På møtet vart det løfta fram på ulikt vis at fellesskapet ligg i å høyre til «i kyrkja», at ein må söke å kome saman over soknegrensene.
- Vegar, tunnelar og annan kommunikasjon har endra seg mykje over tid. For store delar av kommunen er soknegrensene likevel dei same. Uavhengig av grensene er det viktig å få til større grad av samarbeid mellom fleire av sokna.
- I dei mest folkerike sokna er det høge dåpstal i sett i høve til dei mindre sokna, men det er likevel prosentvis lægre oppslutnad om dåp. Dette peikar på at ei satsing på dåp vil vere svært viktig framover. På den andre sida er det eit trekk dei siste åra at fleire ynskjer dåp på ein dato som dei vel sjølv, og helst på ein laurdag. Ein ynskjer å vere imøtekomande innanfor den personalressursen som er tilgjengeleg, men det har vist seg at det ikkje er råd å innfri dei individuelle ynskja. Samstundes stor verdi at dåpen hører til i det store fellesskapet i hovudgudstenesta.
- Særleg for Hafslo er det viktig at dei mange nye innbyggjarane vert del av lokalmiljøet og kan kjenne tilhøyrslle til lokalkyrkjelyden. På nokre gudstenester er det heilt fullt, særleg på gudstenester der det har blitt invitert til dømes til bokutdeling. Dette vitnar om ein høg tillit, og at mange reknar med kyrkja. Men på «vanlege» gudstenester kan det vera mykje lægre deltaking. Trengst det fleire og nye møteplassar mellom innbyggjarane i Hafslo og Solvorn sokn?

Visitasmeldinga si skildring av kyrkja i Luster og samtaLEN sokneråda hadde ligg til grunn for desse oppspela til vidare strategiarbeid:

### AUKA OPPSLUTNAD OM GUDSTENESTA

Gudstenester er grunnleggande for kyrkja, som det viktigaste og mest sentrale uttrykket lokalkyrkja har. Det er likevel ikkje alltid ein samværsform som er lett for dei som ikkje kjenner den frå før. Kan ein legge til rette for at menneske i større grad kan få verte husvarme i kyrkja, og slik gradvis kjenne seg meir knytt til det som skjer der? Sokneråda har løfta fram mellom anna desse verkemidla:

- Å invitere til andre samvær, som til dømes salmekveldar, konsertar eller temakveldar.

- Å utvikle større grad av samarbeid med lag, organisasjonar og kulturkrefter. Slikt samarbeid bør vere forankra i eit årshjul for aktiviteten i det einskilde soknet.
- Eit større innslag av frivillige som medliturgar, i rollar som kyrkjevertar, tekstlesarar, vertskap ved kyrkjekaffi og liknande.
- Gudstenester på andre tidspunkt enn søndag kl 11, slik at gudstenesta vert tilgjengeleg også for dei mange som har eit aktivt friluftsliv.
- Eit planmessig tilbod om gudsteneste med dåp på laurdagar i dei minste sokna.
- Arrangere medlemsundersøking eller temakveld: Kvifor er det viktig at det framleis er aktivitet i kyrkja her som vi bur?

Å lukkast med det som er nemnt ovanfor, føreset samarbeid og eit felles fokus over tid. Å samhandle med frivillige krev også tid og ressursar til å gjennomføre sjølve arbeidet, men i neste omgang kan det forløyse engasjement og skape ny tilhørsle. Somme stader nyttar kyrkja ein stillingsressurs som kan ha fokus på å koordinere og utvikle frivillige og arrangement. Dette er oppgåver som i dag vert løyste av alle dei tilsette i fellesskap, men ingen av dei har rom for å ha dette som sitt hovudfokus.

#### INVITERANDE GUDSTENESTEFORMER OG FELLES SATSING

Dei fleste kyrkjene i Luster har gudsteneste ein gong kvar månad; Gaupne, Hafslo noko oftare (t.d. fellesgudstenester) som dei to sokna der nesten halvparten av medlemmene er busette. Saman med tankane om større grad av fellesskap over soknegrensene bør ein sjå på om gudstenestelivet i dei mest folkerike sokna kan styrkast. Når sokneråda skal ta stilling til ny forordning i løpet av hausten, kan dette bli eit viktig spørsmål. Om lag halvparten av folkesetnaden i kommunen er knytt til Gaupne, Hafslo og Solvorn. Korleis kan ein saman bygge lokalkyrkje for framtida?

Sokneråda har drøfta mellom anna desse virkemidla:

- Årshjul som gir kvar gudsteneste sitt særpreg, noko som gjer det lettare å invitere
- Organisering av kyrkjeskyss, slik at det vert praktisk mogleg for fleire å delta i felles gudstenester.
- Gudstenester som tek i bruk fleire arbeidsformer, til dømes bønevandringar. Dette kan også senke terskelen for å ta del i nattverden.
- Større grad av samarbeid mellom sokna. Hafslo og Solvorn sokn er alt slått saman, sameleis Fet og Joranger sokn. Sokna Gaupne, Nes, Dale og Fortun er alle i ein prosess med tanke på felles sokneråd. Det er eit spørsmål om Fet og Joranger bør bli del av denne prosessen. For nokre av sokna kan det også vere aktuelt å vurdere samanslåing.

#### ARBEID FOR BARN, UNGE OG SMÅBARNSFAMILIAR

Ut frå erfaringane med gudstenester det blir invitert til, til dømes bokutdeling, og oppslutnad om tiltak som Babysong og Småtrolltrall ser sokneråda barne- og ungdomsarbeidet / arbeid for småbarnsfamiliar som eit viktig innsatsområde. Derfor treng arbeidet med plan for kyrkjeleg undervisning og læring gjevast prioritet, og ein bør også sjå dette i samanheng med ein

systematisk tenking om samarbeidet skule-barnehage-kirke. Det er også naturleg å samvirke om nye tema når skulen no har fått livsmeistring inn som eige tema i skulekvardagen.

For å knytte sterke band mellom lokalkirka og småbarnsfamilier, er det også ønske om starte til dømes barnekor eller familiekor. Dette vil også kunne gjøre gudstenestelivet rikare. Et slikt arbeid føreset både frivillig innsats og ressursar frå stab.

## 8. Sluttord

I arbeidet fram mot visitasen og visitasmeldinga har det vore nyttige samtalar i stab og sokneråd, og sokneråda i mellom. Vi har blitt kjende med trendar og tal som seier noko om kyrja si kontaktflate, aktiviteten som skjer, og om plassen vi bur på. Å få slikt kjennskap viser kor nyttig utfordringa med å førebu ein visitas er.

Vi ser fram til å helse biskopen velkommen til eit møte med sokna i Luster, og ser på same vis fram til møtepunkt der vi håpar og trur at vi vil bli både utfordra og støtta. Vi håpar også på inspirasjon og rettleiing gjennom samtalane vi skal ha om tida som kjem, og vegvala som då kjem.

Velkommen til Luster, Biskop Ragnhild!

Jarle Rauboti  
Hafslo og Solvorn sokneråd

Marianne Moseng  
Fet og Joranger sokneråd

Oddny Urnes  
Fortun sokneråd

Jan Henry Tverberg  
Dale sokneråd

Berit Skjerdal  
Nes sokneråd

Gudny Bukve  
Gaupne sokneråd

Else Marie Haugen  
Jostedal sokneråd

Bård Valle  
Sokneprest Hafslo og Solvorn, Fet og Joranger

Kjell Olav Høstaker Nordheim  
Prost /Fungerande sokneprest Gaupne, Jostedal, Fortun, Dale Nes (vakanse)